

Plannummer 0076.00**PLANENDRING FOR DEL AV LYE IDRETTSANLEGG**

REGULERINGSFØRESEGNER

PlanID 1121.0076.00

Saksnummer 25/4402

1. PLANENS HENSIKT

Føremålet med planen er å leggja til rette for ei vidareutvikling av idrettsanlegget på Lye som utvidar idrettstilbodet for alle generasjonar.

2. FELLESBESTEMMELSER FOR HELE PLANOMRÅDET**2.1. Overvatn**

- a) Området skal opparbeidast slik at planlagde flomvegar fungerer som vist i VA-rammeplan, datert 11.12.2025.
- b) Blågrøn faktor skal vere minimum 0,54.

3. FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL**3.1. Bebyggelse og anlegg (§ 12-5 nr. 1)****3.1.1. Idrettsanlegg – (felt IDR)**

- a) Ny busetnad skal plasserast på kote +115.7 eller høgare.
- b) BYA kan vere inntil 3800 m².
- c) Det skal nyttas flate tak.
- d) Eksisterande bygg vert oppretthalde slik det er bygd.
- e) Høgde for nybygg er vist på plankart med maksimalt tillate kotehøgde for dei einskilte byggesoner. Mindre tekniske rom/installasjonar vert tillate å overstige fastsett kotehøgde.
- f) Det vert tillate innreia kommersielt treningssenter innafor ei arealramme på BRA=275 m².
- g) Innafor byggegrensa søraust i plankartet kan byggehøgda vere 4 meter, rekna frå gjennomsnittleg planert terreng. Bygget skal ikkje ha lågare kotehøgde for golv enn berekna kotehøgde for 200 års flaum.
- h) Brannbil skal komme fram til bygg både på nord- og sørside.
- i) Bygningane skal ha ei utforming som gjer at dei ikkje blir for dominerande i området og i landskapet. Val av utforming av fasadar, material- og fargebruk skal i hovudsak bidra til å dempe opplevinga av større bygningsvolum, men det er opning for at klatrehall-delen kan oppførast i profilfargane til Lye IL.

3.1.2. Offentleg kombinert kontor og lager – (felt o_K/L)

- a) Føremålet gjeld eksisterande bygg i bruk som kontor/lager.

3.2. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1. Offentleg gang- og sykkelveg – (felt o_GS)

- b) Gang-/sykkelveg o_GS2 er berre tillate med innkøyring for varetransport o.l. til planområdet og ungdomsskulen. Avkøyrse frå Kvartsvegen skal normalt vere stengt for køyrande trafikk.

4. FØRESEGNER OM OMSYNSSONER (§§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1. Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1. Flaumsone – (felt H320_1-H320_4)

- a) Tiltak innafor faresone flaum skal utformast slik at dei ikkje tek skade ved 200-års flaum, og ikkje reduserer flaumveg eller flaumkapasitet.

4.1.2. Frisikt – (felt H140)

- 4.1.3. I frisktsoner skal det vere fri sikt langs veg/kryss/avkøyrse i ei høgd av 0,5-2,5 meter over tilstøytande vegbane. Buskar og anna som kan hindre sikt er ikkje tillate. Enkelte tre med høg stamme og stolper kan akseptast viss dei ikkje utgjør eit større samanhengande sikthinder

5. FØRESEGNER OM BESTEMMELSESOMRÅDER

5.1. Bestemmelser til bestemmelsesområde (område #1)

Området merka #1 er ei sikringssone/serviceåtkomst som berre vert tillate med innkøyring for varetransport o.l.

5.2. Bestemmelser til bestemmelsesområde (område #2)

Innafor område #3 vert det tillate bygd ei rampe for å ta opp høgdeskilnad.

5.3. Bestemmelser til bestemmelsesområde (område #3)

Innafor område #4 skal det opparbeidast minimum 50 sykkelparkeringsplassar. Minst 10 av sykkelparkeringsplassane skal vere overdekte.

5.4. Bestemmelser til bestemmelsesområde (område #4)

Avfallsdunker/kontainere kan plasseres innafor arealet.

6. FØRESEGNER OM REKKEFYLGJE

6.1. Før Rammeøyve

Ved rammesøknad skal det visast løysingar for korleis ein skal hindre partikkelavrenning til vassdrag under anleggsarbeid og etter ferdigstilling. Det skal takast omsyn til auka nedbørsmengder, særleg styrtregn som kan koma i anleggsperioden.

I samband med rammetillating skal det ligge føre ein utomhusplan som viser planlagt opparbeiding av sykkelparkering, plass for avfallsdunkar/ containere, grøntareal og snarveg/sti langs austre kant av planlagd bebyggelse. Planen skal vere i målestokk 1:500 og syne terrengplanering og materialbruk.

6.2. Før Bruksløyve

Sykkelparkering skal vera opparbeidd før nybygg kan takast i bruk.